

**Notat**

Dato: 26.03.2019  
Arkivsak: 2018/16480-77  
Saksbehandlar: marsolh

---

**Til:** Fylkeseldrerådet

---

**Frå:** Fylkesrådmann

---

### **Høyrings svar - Felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune 2020-2024**

Fellesnemnda gjorde vedtak 14.02.19 om å be prosjektleiar utarbeide eit framlegg til felles anleggs- og tildelingspolitikk for spelemidlar til fysisk aktivitet, idrett og friluftsliv for Vestland fylkeskommune, gjeldande for perioden 2020 – 2024.

Framlegg til anleggs- og tildelingspolitikken har vore ute på høyring, med frist 05.04.19. Resultatet av høyringa vil bli vurdert og lagt fram for fellesnemnda i samband med slutthandsaminga 23.05.19.

Medlemene av fylkeseldrerådet fekk denne høyringa tilsendt direkte frå sakshandsamar på e-post 20.03.19.

På grunn av den korte høyringsfristen har det vore naudsynt å utarbeide og handsame fylkeseldrerådet sitt høyrings svar via e-post. Forslag til høyrings svar, utforma av arbeidsutvalet, vart sendt ut til alle rådsmedlemene på e-post. Alle rådsmedlemene fekk mogleiken til å kome med kommentarar og innspel til endringar. Det kom ingen motsegner på innhaldet i høyrings svaret.

Høyrings svaret ligg vedlagt til orientering, saman med høyrings utkastet.